

Innkalling og sakliste

Styremøte 02-26 i Sogn KO

Tid: 7. april 2025 kl 09:00-15:00

Stad: Svingen, Campus Sogndal. Google: <https://maps.app.goo.gl/Ayb5Wi99KLs6S3oH8>

Anbefalt parkering: Lunnamyri. Google: <https://maps.app.goo.gl/BDN4JyLJ98StoTEA>

Tidsplan:

08:30	Kaffi servert i Svingen
09:00	Møtestart
11:30	Lunsj
12:00	Møtet held fram
13:00	Reiseliv og støtte til Visit Sognefjord Dialog med styreleiar og dagleg leiar i Visit Sognefjord. Leiar i næringsnettverket er invitert til møtet.
14:00	Møtet held fram
15:00	Møteslutt

Saker

1.	Opning v/styreleiar.....	2
2.	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
3.	Orientering frå Sognarådet IPR	2
4.	Orientering frå styreleiar.....	2
5.	Orientering frå administrasjonen.....	2
6.	Tilbakemelding frå vertskommunane	7
7.	Etablering av rammer og spelereglar for eigarstyring av interkommunale samarbeid	8
8.	PPT.....	12
9.	Miljø og ureining	13
10.	Nav	15
11.	Reiseliv og støtte til Visit Sognefjord.....	16
12.	Næringsutvikling	18
13.	Sognaregionen og EU.....	21
14.	Styreseminar og styremøte 1. – 2. juni.....	26
15.	Ymse.....	26

1. Opning v/styreleiar

Styreleiar Siri Fahlvik Pettersen opnar møtet.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste.

3. Orientering frå Sognarådet IPR

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Vedlegg:

Protokoll frå møtet i arbeidsutvalet 09. mars ([lenke](#))

4. Orientering frå styreleiar

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksframstilling:

Styreleiar orienterer i møtet .

5. Orientering frå administrasjonen

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksframstilling:

Møte med regiontillitsvalde

Munnleg orientering frå møtet 27. mars.


TryggEST

Prosjektleiari for det interkommunale samarbeidet TryggEst har kontakta Krisesenteret i Sogn og Fjordane. Kommunane i Sogn ynskjer at krisesenteret skal ha funksjon som mottakar av telefonar til TryggEst som eit fagleg inngangspunkt der bekymringar vert samla, vurderte og koordinerte vidare. Slik sett overlappar ein slik funksjon den funksjonen krisesenteret allereie innehar. Fenomenforståing og fagkunnskap kring vald i nære relasjonar er vesentleg både ved mottak samt deltaking i dei operative teama der sakene skal løysast. Styret i krisesenteret er positive til at krisesenteret kan inneha ei slik rolle i kommunane sin TryggEst-satsing.

Barnevern

Prosjektet jobbar vidare etter vedteken prosjektplan og hadde sitt 3. styringsgruppemøte 18. mars i lokala til Høgskulen på Vestlandet. På møtet var verksemdsoverdraging og vertskommunen si bestilling til dei tenestene, og utlysing av stilling som barnevernleiar viktige tema.

Torkjel Solbraa vil fungere som prosjektleiari fram til den nye barnevernsleiareren er på plass i stillinga. I styringsgruppemøtet vart arbeidspakkene drøfta, med vekt på involvering av dei tilsette. Tenestene spelar inn namn til arbeidsgruppene før 1. april, slik at dei første arbeidsgruppene kan vere operative ter påske. Arbeidspakkar og framdriftsplan blir oppdatert undervegs ved behov. Under ligg ein grov framdriftsplan for dei ulike arbeidspakkene:



I siste del av møtet fekk styringsgruppa besøk av Sandra Opheim og Tone Jørgensen frå barnevernpedagogutdanninga på Høgskulen. I lag ønskjer den nye tenesta og høgskulen å utvikle Universitetsbarnevernet i Sogn som god samhandling mellom praksis og akademia på ei rekke område.

Etter interpellasjon handsamar kommunestyret i Årdal vertskommunesamarbeidet på nytt 27. mars.

Veteranplan for Sognaregionen

Styret vedtok veteranplan på møtet i desember og sendte den vidare til kommunane for offentleg høyring. Etter planen skulle innspel og endringar handsamast i dette møtet. Det har berre kome tilbakemeldingar frå Vik kommune etter høyring, og saka er difor utsett til møtet i juni.

Sjå også vedlagt info og førespurnad til kommunane frå Statsforvaltaren og RVTS.

Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsfellesskap i Sogn - Prosjektrapportering til styret i Sogn KO – rapport #1

I tråd med ønske frå styret, har prosjektleiar gjennomført innleiande besøk til kvar enkelt kommune. Prosjektet er presentert for nøkkelpersonar med den hensikt å forankre mål, ønska retning og arbeidsform for prosjektet, samt kva område kvar enkelt kommune ser behov for å prioritere. Ressursar og deltaking har òg vore tema.

Samtlege kommunar har oppgjeve primær prosjektersurs for deltaking. Det er jamt over felles for kommunane at dei i utgangspunktet har begrensa med ressursar, men ønskjer å delta aktivt for at arbeidet skal få naudsynt forankring og eigarskap i eigen kommune. Det er òg påpeika at det er ønske om aktiv prosjektleiing, dette som avgjerande suksessfaktor for å drive prosjektet mot ønska effekt.

For kommunane er det følgjande som i fellesskap ser ut til å vere gjennomgåande område ein ønsker å fokusere på.

- Dele informasjon, kompetanse og ressursar for å effektivisere informasjonsinnhenting, utarbeiding analysar- og plandokument m.m.
- Kapabilitetar og ressursar på tvers av kommunane, utnytte dei betre og hente synergieffektar
- Vurdere innretning og utarbeiding av overordna ROS for regionen
- Beredskapsfellesskap som resulterer i at regionen kan nytte større tyngde inn i ulike prosessar.

Det er òg lagt vekt på bevisstheit knytt til forskjell mellom prosjektet og prosjektorganiseringa for å etablere eit beredskapsfellesskap på den eine sida, og kvar enkelt kommunes organisasjon for handtering av ei faktisk hending på den andre sida.

Andre aktivitetar direkte eller i tilknytning til prosjektet:

- Kontakt med HVL for drøfting av mogleg utdanningstilbod retta mot beredskap
- Kommunane er påmeldt øvinga «Norge øver – NORØV-VEST26»
- Innhenting av informasjon om andre pågåande tilsvarande initiativ i andre kommunar
- eIDAS-konferansen i regi av Digdir, og kontakt med fagmiljø ang. framtidens løysing for autentisering og digital tenesteyting.
- Nordregio, sivil beredskap i Sogn, temamøte 7. mai. i regi av Distriktsenteret. Del av eit lengre forskningsprosjekt i Norden.

Vidare prosjektløp som er definert:

- Prosjektersurar frå kommunane vert invitert til nyoppretta teamsområde for vidare samhandling og vidare operasjonalisering av prosjektaktivitetar, ink. møteform og frekvens
- Oppstart av konkrete prosjektaktivitetar for å etablere dei første delane av ein felles beredskaps-plattform
- Arbeidsøkt i samband med styreseminaret for Sogn KO 2. juni
- Norge øver, planlegging og koordinering

Prosjektgruppa vidare arbeid vil legge til, prioritere og operasjonalisere aktivitetar.


Ressurskrevjande tenester

Som vedteke i sist styremøte har administrasjonen skalert ned prosjektet i høve finansieringa frå Statsforvaltaren kr 0,8 mill. Som vedteke blir kontingentmidlar og kommunane sin eigeninnsats nytta 100%. Administrasjonen har sendt førespurnad om tilbud til aktuelle leverandørar med frist 20. mars. Kommunalsjefnettverket helse og omsorg er styringsgruppe for prosjektet og det er lagt opp til oppstartsmøte når prosjektleiing er på plass.

Green Hydra

Neste aktivitet i prosjektet er studiebesøk til Hanze-universitetet i Groningen 16.06 – 18.06 2026. Hovudtema er oppskalering av etablert bruk av hydrogen, men ettersom prosjektet skrider fram, har innsatsen frå Sogn retta meir mot grøn omstilling I det store, med gode praksisar og nettverksbygging som fokus. I tillegg skal deltakarane vere med på arrangementet [New Energy Forum 2026](#).

Den lokale prosjektgruppa i Sogn delar på å delta i aktivitetane utfrå kompetanse og relevans.



Kompetansearbeid

Vestland fylkeskommune har ein samarbeidsmodell med regionale kompetanseforum og Kompetanseforum Vestland som styringsgruppe. Målet er å løyse kompetansebehova og at utdanningsinstitusjonane utviklar sine tilbud etter behova i arbeids- og næringsliv. Sognrådet driftar Kompetanseforum Sogn som har deltakarar frå vidaregåande skular, fagskulen, høgskulen, Nav, opplæringskontor, næringsorganisasjonar. Mandatet for arbeidet til dei regionale kompetanseforum er definert av fylkeskommunen.

Administrasjonen ønskjer å setje arbeidet knytt til å sikre regionen kompetanse på dagsordenen under styreseminaret i juni.

Husbanken

Husbanken forvaltar økonomiske verkemiddel og ønskjer samarbeid med kommunar, byggenæring mfl. for å oppnå auka bustadbygging i distriktskommunar. Det finst mange gode prosjekt i Sogn og andre stader som viser resultat. Husbanken ønskjer å samarbeide med kommunane om fagdagar for auka kompetanse, dele av dei gode eksempla, for at fleire tek i bruk dei eksisterande ordningane og utnyttar handlingsrommet. Styret kan vurdere om administrasjonen skal bidra utover å formidle Husbanken sitt initiativ til kommunane.

Høyring kommunekommisjon

På bestilling frå styret i Sogn KO og arbeidsutvalet i Sognarådet er det laga notat og utkast til fråsegn i samband med Kommunekommisjonen si første delutgreiing.

Vedlegg:

Notat og utkast til fråsegn

Arendalsuka

I samarbeid med Sogn Næring, førebur administrasjonen deltaking frå kommunane og samarbeidsprosjektet Sognascena. Kommunedirektørene er velkomne til å vere med på arrangementet.

Mål med deltakinga på Arendalsuka er å vere med på å setje agenda, skryte litt av Sogn, men ikkje minst løyse problem og bygge nettverk for framtidig utviklingsarbeid.

Det vert jobba kontinuerleg med å finne tema regionen skal løfte, og det er flott med innspel frå styret.

Klimarisikoanalyse i Sogn

Prosjektet Klimarisikoanalyse Sogn er starta opp. Målet er å styrke kommunane sitt arbeid med klimatilpassing. Vestlandsforskning er prosjektleiar og vil ha 1-til-1 dialog med kvar kommune. For kvar deltakarkommune vil prosjektet munne ut i forslag til rutinar for å oppdatere kunnskap om lokal klimarisiko og forslag til lokale strategiar og tiltak for å redusere risikoen. Deltakarkommunane bidreg med eigeninnsats i form av arbeidstid.

Som avtalt på styreseminaret 30. januar har Vestlandsforskning sendt invitasjon til alle kommunane. Status per no er at Aurland, Sogndal, Vik og Årdal har meldt seg på. Sogn KO er med i prosjektgruppa som hadde sitt første møte 19. mars. Tilbakemeldinga er at det er framleis er høve for Lærdal og Luster å delta i prosjektet om dei ønskjer det.

Tilbod for elevar med utvida helse- og omsorgsbehov

Vestland fylkeskommune har starta eit prosjekt for å styrke samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunane om heilskapleg tilbod for elevar med utvida helse- og omsorgsbehov. Det vert vist til følgjande notat frå samhandlingskoordinator Kjell-Wernik Nystøyl:

Det viktigaste strategiske spørsmålet i saka er korleis kommunane skal etablere ei felles og omforeint forståing av *opphaltensprinsippet* etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1, som Statsforvaltaren tolkar som nær absolutt: Kommunen der eleven oppheld seg – også berre i skuletida – får sørge-for-ansvaret for naudsynte helse- og omsorgstenester. Slik prinsippet blir tolka, kan vertskommunane for vidaregåande skular få ei betydeleg og ujamn belastning knytt til ressursbruk, personell og krava til forsvarleg tenesteyting. Ei felles avklaring mellom kommunane er difor heilt naudsynt for å sikre både kontinuitet og tryggleik for elevane, og ei berekraftig ansvarsdeling mellom kommunane. Først når denne prinsipielle avklaringa er landa, kan ein gå vidare i samarbeidet med fylkeskommunen om rutinar, saksgang og samarbeidsmodellar som faktisk fungerer i praksis.

Saka er drøfta i kommunalsjefnettverket for helse og omsorg i Sogn, og nettverket ønskjer at saka blir lagt fram for styret i Sogn KO. Samhandlingskoordinatoren og leiar av nettverket Marit Reppen gir ei kort orientering i styremøtet.

6. Tilbakemelding frå vertskommunane

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Saksframstilling:

Vertskommunane som har ansvar for etableringa av vertskommunesamarbeid orienterer i styremøte om status for prosessen og den vidare tidsplanen. Dette omfattar mellom anna drøfting med dei tilsette i dei avgjevande kommunane og oppfølging i ny arbeidsgjevarkommune.

Styret vurderer om det er behov for å utarbeide rettleiar eller mal for etablering av vertskommune som beskriv dei ulike stega i ein slik prosess.

7. Etablering av rammer og spelereglar for eigarstyring av interkommunale samarbeid

Framlegg til vedtak:

Styret i Sogn KO vedtek å starte eit arbeid for å utvikle eigarstyringa av dei interkommunale samarbeida i Sogn.

Vurdering om kva samarbeid og korleis ein føl opp skal baserast på følgjande kriterier:

- Omfang og innhald i tenesta
- Tal samarbeidande kommunar
- Alder på samarbeidet
- Økonomisk risiko

Det er føremålstenleg å dele samarbeida inn i 3-5 kategoriar, der td 1 er tett oppfølging og 5 er minimumsoppfølging.

Styret ønskjer at denne saka vert presentert for arbeidsutvalet i Sognarådet i neste møte slik at det vidare arbeidet er godt politisk forankra.

Til møtet over sommarferien ønskjer styret ei sak der samarbeida er kategorisert for oppfølging, samt utkast til:

- Felles spelereglar for interkommunale samarbeid
- Årshjul for eigardialog
- Oppfølgingsplan for eigarstyringa, inkludert eigarrepresentasjon, styringsdokument og bestillarroller.
- Plan for standardisert rapportering

Saksframstilling:

Bakgrunn

Saka er oppfølging av styresak 6a i styremøte 3. november 2025:

6a Oppfølging etablerte samarbeid

Sogn KO set i gang ei rekke nye samarbeid. Er det fare for at dei allereie etablerte samarbeida vert gløymd? Det er nyttig me ei drøfting i møtet om korleis vi føl opp eksisterande samarbeid, og vidareutviklar dei.

Framlegg til vidare prosess:

- *Administrasjonen lagar:*
 - *Oversyn etablerte samarbeidet der Sogn KO har eller bør ha fokus*
 - *Plan for administrativ oppfølging og styre si oppfølging av etablerte samarbeid.*
 - *Gjennomgang av eksisterande avtalar interkommunale samarbeid.*
- *Saka kjem til styret på møte i mars/april*

Interkommunalt samarbeid er eit verkemiddel for å løyse både kapasitets- og kompetanseutfordringar. Erfaringar syner midlertidig risiko knytt til:

- pulverisert eigarskap og uklare roller
- svakt politisk eigarskap
- manglande bestillarfunksjon
- ulike styringspraksisar
- manglande oversyn over avtalar, økonomi og mandat

Desse utfordringane er til stades også i Sogn. Utan felles rammer og spelereglar vil Sogn KO ikkje få eit heilskapleg bilete eller kunne drive aktiv eigarstyring av samarbeida.

Vi har i dag eit stort tal etablerte interkommunale samarbeid på tvers av fagfelt, juridiske modellar og organisatoriske løysingar i Sogn. I styresak 3. november ønskte styret ein plan for korleis Sogn KO kan følgje opp allereie etablerte samarbeid og tinga følgjande:

- Eit samla oversyn over alle etablerte samarbeid
- Ein plan for administrativ og politisk oppfølging
- Ei gjennomgang av eksisterande avtalar

Administrasjonen vurderer at det truleg ligg store gevinstar i å:

- profesjonalisere eigarstyring
- standardisere rapportering
- tydeleggjere roller og ansvar
- redusere risiko knytt til sårbarheit, manglande styringssignal og ujamn nytte

Føremålet med denne saka er å gje styret eit første innblikk i samarbeida, å etablere ein logikk i oppfølginga av samarbeida og få styret si tilslutning til korleis ein skal jobbe vidare med saka.

Oversyn over etablerte samarbeid

Til saka ligg det oversyn over samarbeida administrasjonen har identifisert mellom to eller fleire kommunar. Truleg har denne pt manglar, men den vil bli oppdatert fortløpande.

Minimumskrav til eigarskap og styring

Det er avgjerande å definere eit minimumskrav til korleis vi som eigarar skal følgje opp samarbeida. Denne bør graderast utfrå utvalde kriterier:

- Kva samarbeid skal følgjast tett (A-nivå)?
- Kva skal ha normal oppfølging (B-nivå)?
- Kva kan vere lettare (C-nivå)?

Dette gir eit styringssystem som gjer det mogleg å prioritere innsats.

For alle samarbeid må vi definere:

- politisk eigarrepresentant
- administrativ bestillar/tenesteeigar
- styringsdokument (avtale, mandat, mål, fullmakter)
- forventningar til rapportering og dialog

Det vidare arbeidet

- Definere roller
- Felles spelereglar for interkommunalt samarbeid i Sogn
- Overordna styringsdokument
- Struktur for standardisert rapportering
- Årshjul for eigardialog
 - faste møtepunkt
 - rapporteringsformat
 - ansvarsdeling mellom politisk og administrativ leiing

Samanhengar og avhengigheiter

-mellom samarbeid og med dei andre kommunale tenestene

I vidareutviklinga av eigarstyringa kan det vere formålstenleg å sjå nærare på relasjonar og avhengigheiter mellom dei ulike interkommunale samarbeida, ikkje berre kvart samarbeid isolert. Fleire samarbeid verkar innanfor tilgrensande eller overlappende fagområde, og val av organisasjonsmodell, styringsstruktur og rapporteringsregime i eitt samarbeid kan ha direkte eller indirekte verknad for andre. Ei meir systematisk tilnærming som òg fangar opp slike samanhengar, kan gi betre grunnlag for heilskapleg styring og prioritering på tvers av porteføljen.

Eit døme er samanhengen mellom PPT, barnevern og system for styrka læring, som i dag er organiserte etter ulike interkommunale modellar. Desse samarbeida rettar seg mot same målgrupper og krev tett samhandling både fagleg og administrativt. Ei samla vurdering av struktur, roller og styringslinjer kan synleggjere gevinstar ved meir likearta løysingar over tid, til dømes knytt til eigarstyring, bestillaroller, rapportering og politisk forankring. Dette kan òg gi retning for framtidige samarbeid, der ein i større grad søker mot meir konsistente og føreseielege interkommunale samarbeidsstrukturar i Sogn.

Vurdering

Administrasjonen vurderer at Sogn KO treng meir systematisk og føreseieleg eigarstyring av dei interkommunale samarbeida. Samarbeida er avgjerande for å løyse kapasitets- og kompetanseutfordringar, men manglande felles rammer svekkjer styring og oversikt. Administrasjonen meiner dagens modell dette ikkje gir tilstrekkeleg styring, med utgangspunkt i dette:

- Risiko for uklare roller og svakt politisk eigarskap
- Ujamn praksis i oppfølging mellom fagområde
- Mindre kontroll med økonomi, avtalar og måloppnåing
- Manglande samla oversikt over porteføljen
- Dårlegare grunnlag for prioriteringar
- Auka sårbarheit når oppfølging skjer ad hoc

Desse svakheitene gjev følgjande konsekvensar:

- Portefølje vil framleis vere uoversiktleg
- Ujamn nytte av samarbeida
- Større sårbarheit i tenestene
- Fare for at avtalar og heimlar ikkje er oppdaterte
- Meir tidsbruk på enkeltsaker når problem oppstår

- Lite førebyggjande eigarstyring

For å få ei praktisk og berekraftig løysing bør oppfølginga graderast etter risiko og omfang etter følgjande kriterium:

- Omfang og innhald (tenester, budsjett, tal innbyggjarar)
- Tal kommunar og kompleksitet i styringslinene
- Alder/modenheit og oppdatering av styringsdokument
- Økonomisk risiko og kritikalitet for tenesteleveranse

Alle samarbeid bør ha eit tydeleg minimumsnivå for eigarstyring med utgangspunkt i:

- Fast politisk eigarrepresentant
- Administrativ bestillar/tenesteeigar
- Oppdaterte styringsdokument (avtale, mandat, mål, fullmakter)
- Klare forventningar til rapportering og eigardialog
- Standardisert rapporteringsform
- Årshjul som sikrar føreseieleg og mindre personavhengig oppfølging

Administrasjonen rår styret til å starte arbeidet med å utvikle ei felles eigarstyring for interkommunale samarbeid i Sogn. Arbeidet bør forankrast politisk gjennom arbeidsutvalet i Sognarådet.

Vi føresler at neste steg er:

- Oppfølgjande sak etter sommarferien med:
 - Kategorisering av samarbeida
 - Utkast til felles spelereglar
 - Årshjul for eigardialog
 - Oppfølgingsplan (eigarrepresentasjon, bestillarroller, styringsdokument)
 - Plan for standardisert rapportering

8. PPT

Framlegg til vedtak:

Styret tek rapporten til vitande og sluttar seg tilrådingane.

Styret oppmodar oppvekstnettverket til å drøfte likare tverrfagleg samhandling om laget rundt barnet i heile regionen og innhald i eit regionalt fagutviklingsprosjekt der målet er å sette retninga for framtidens PPT i Sogn. I samband med styreseminar i juni ønskjer styret ein plan for det vidare arbeidet og dialog med leiar i oppvekstnettverket og programleiar i System for styrka læring.

Styret oppmodar dei to vertskommunane til å ta initiativ og gå i dialog med PP-tenestene og deltakarkommunane i løpet av våren for å starte arbeidet med å oppdatere rammevilkår og styringslinjer for PP-tenestene, slik at dei samsvarar med statlege og kommunale forventningar. Vidare vert vertskommunar og PP-leiarane utfordra til å utforske potensialet for eit meir formelt samarbeid om spesialkompetanse mellom PP-tenestene og å jobbe for å frigjere meir kapasitet i PP-tenestene til dedikert arbeid med tidleg innsats.

Styret sitt mål er målretta aktivitet inn mot alle tilrådingane haust 2026, og ønskjer ein statusoppdatering frå oppvekstnettverket i januar 2027.

Vedlegg:

Rapport frå innsiktsarbeidet haust/vinter 2025/26

Saksframstilling:

Bakgrunn

PP-tenestene i Sogn er i dag organiserte gjennom to interkommunale samarbeid: Sogn PPT og Indre Sogn PPT. Styret i Sogn KO har vurdert at PP-området er modent for vidare utvikling, særleg med bakgrunn i nye krav i opplæringslova, behov for styrka tidleg innsats, ulikskap i praksis mellom kommunane, og utfordringar med å rekruttere og behalde spesialkompetanse i regionen.

Hausten 2025 og vinteren 2026 er det gjennomført eit omfattande innsiktsarbeid med tilsette, leiarar og samarbeidande tenester. Arbeidet viser at PP-tenestene har sterke sider, som trygge arbeidsmiljø, høg fagleg kompetanse og gode relasjonar til skular og barnehagar. Samstundes peikar innsikta på systematiske utfordringar knytt til kapasitet, styringslinjer, rolleavklaringar og ulik praksis mellom kommunane.

Vurdering

Innsiktsarbeidet gir eit breitt og grundig kunnskapsgrunnlag som viser både styrkar og utfordringar i dagens PP-tenester. Det er tydelege utviklingsbehov knytt til struktur, samhandling, kompetanse og styringslinjer. Samstundes er det brei semje om at vidare prosessar må ta vare på dei sterke arbeidsmiljøa, den nære samhandlinga med skular og barnehagar, og det som fungerer godt i dag.

Det er per no ikkje grunnlag for å konkludere med ei konkret organisatorisk løysing. Før styret tek stilling til eventuelle strukturgrep, må innspel frå kommunane, leiarane og dei tilsette behandlast vidare, og moglegheitene vurderast i lys av regionale behov.

Å halde vedtaket ope gir fleksibilitet til å jobbe vidare med tiltaka frå rapporten og innspela frå dialogen i styret. Dette vil sikre at styret får eit betre grunnlag når oppvekstnettverket har vurdert saka og kjem attende med konkrete tilrådingar.

9. Miljø og ureining

Framlegg til vedtak:

Styret gjer slikt vedtak:

1. Sogn KO rår kommunane til å etablera vertskommunesamarbeid for miljø, ureining og tilsyn av private avløp.
2. Samarbeidsavtalen med vedlagde budsjettkalkyle blir lagt fram for politisk handsaming slik det ligg føre.
3. Kommunane kan handsama samarbeidsavtalen i løpet av våren 2026 eller knytte seg til samarbeidet seinare, jf pkt 9 i avtalen.
4. xx vert vertskommune
5. Verknadsdato for vertskommunesamarbeidet vert sett til xx.xx.xxxx
6. Kostnadsfordeling:
 - 25% blir delt likt mellom deltakarkommunane.
 - 75% blir fordelt etter
 - talet på registrerte private avløp pr 1. juli for kostnader knytt til sakshandsaming og tilsyn av private avløp
 - tal innbyggjarar for kostnader knytt til dei andre miljø- og ureiningsoppgåvene
7. Sogn KO set av inntil kr 200 000 til prosjektet finansiert av kontigentmidlar Sogn KO.
8. Administrasjonen utarbeider forslag til saksframlegg som kommunane kan bruke til den politiske handsaminga.

Vedlegg:

1. Utgreiing om samarbeid miljø, ureining og tilsyn av private avløp
2. Rapport frå Simas om forsøplingstilsyn
3. Utkast samarbeidsavtale
4. Budsjettkalkyle

Saksframstilling:

Samarbeidet skal ivareta tilsynsoppgåver knytte til forsøpling og private avløp.

Styret handsama vertskommunesamarbeid innan miljø og ureining i sist møtet 23. februar, og gjorde slikt vedtak:

Styret i Sogn KO er positive til eit vertskommunesamarbeid knytt til miljø og ureining og ber om at administrasjonen vidareutviklar saka med drøftingsreferat og synspunkt på val av vertskommune frå kommunane.

Styret ber administrasjonen arbeide vidare med grunnlaget for gebyrforskrifta som uansett er naudsynt å få på plass.

Administrasjonen sende utgreiing om miljø og ureining (vedlegg 1) og Simas sin rapport om forsøplingstilsyn (vedlegg 2) som drøftingsgrunnlag til kommunane. Kommunane fekk frist til 19. mars til å sende drøftingsreferat til Sogn KO.

Hovudavtalen regulerer arbeidsgjevar sitt ansvar for å drøfte og ta dei tillitsvalde med på råd ved omorganisering. Kommunane Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal har per d.d. stadfesta at dei har drøfta samarbeidet med dei tillitsvalde/tilsette, og slik er saka no forankra gjennom drøftingar i kommunane. Aurland kjem med tilbakemelding seinare.

Sogndal og Luster ønskjer begge framleis å vere vertskommune for samarbeidet. Lærdal peikar på Sogndal som deira føretrekte vertskommune, medan dei andre kommunane førebels ikkje har formidla sitt standpunkt.

Budsjettkalkylen er oppdatert med at større del av stillingane blir brukt til tilsyn av private avløp (vedlegg 4). Av totalt 5 stillingar som er foreslått i samarbeidet kan fordelinga vera 4 stillingar knytta til private avløp og 1 stilling til forsøplingstilsyn. Tilsynsoppgåver av private avløp kan finansierast av gebyr og reduserer derfor kommunane si finansiering inn i samarbeidet.

Tidsplanen for arbeidet er oppdatert i utgreiinga (vedlegg 1).

Arbeidet med gebyrforskrift vil bli fulgt opp vidare.

10. Nav

Framlegg til vedtak:

Sogn KO sin representant i styringsgruppa vert rådgjevar Karina Nerland, med tenesteutviklar Torgeir Skålid som vararepresentant.

Styret tilrår at samarbeidsavtalen går til drøfting i dei fem kommunestyra, med påfølgande vedtak i neste møte.

Prosjektet disponerer inntil kr 500 000 av kontingentmidlar frå Sogn KO. I tillegg stiller kommunane og Nav-kontora med personalressursar.

Saksframstilling:

Styret vedtok i møtet 23. februar å gå vidare med å utvikla vertskommunesamarbeid for Nav i kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Vik og Årdal med Årdal som vertskommune, utifrå den overordna prosjektplanen.

Styringsgruppa vil i nært samspel med vertskommune, Nav, deltakarkommunane og Sogn KO ha ansvar for alle aspekt ved etablering av vertskommunesamarbeidet, jf prosjektplanen.

Styringsgruppa hadde oppstartsmøte 23. mars. Styringsgruppa består av kommunalsjefar/kommunedirektør/HR-leiar, fylkesdirektør Nav Vestland samt verneteneste og tillitsvalde frå kommunane og Nav stat. I tillegg bidreg Sogn KO med representant og administrative ressursar i prosjektperioden.

Styringsgruppa får oppdrag med å utarbeide samarbeidsavtale som går til drøfting i kommunestyra. Bakgrunnen er kommunestyrevedtaket i Vik i desember om at framlegg til samarbeidsavtale kjem til dei ulike kommunestyra til drøfting før vedtak. Vi har foreslått at drøftinga kan skje før sommarferien. Styret vil få samarbeidsavtalen inkl budsjettkalkyle før den går til politisk handsaming i kommunestyra til hausten.

Det er lagt opp til slik tidsplan for handsaming av samarbeidsavtalen:

Mars-juni: Samarbeidsavtalen til drøfting i kommunestyra. Styringsgruppa får utkast til avtale før den går til kommunane for politisk handsaming mai-juni.

Aug-oktober: Samarbeidsavtalen inkl budsjettkalkyle blir handsama i styret i Sogn KO før den går til vedtak i kommunestyra.

Styringsgruppa har fått utkast til prosjektplanen og kan gje innspel. Det vert teke sikte på å vedta prosjektplanen i neste styringsgruppemøte 10. april.

For å sikre god førebuing av etableringa, er det viktig å få på plass prosjektleiing tidleg. Nav Vestland er spurt om dei kan bidra med prosjektressurs, men har gitt tilbakemelding at det vanlege er at vertskommunen stiller med prosjektleiar. Utover dette vil prosjektet disponere personalressursar frå kommunane og Nav-kontora. Administrasjonen tilrår at Sogn KO set av inntil kr 500 000 i kontingentmidlar til prosjektet.

11. Reiseliv og støtte til Visit Sognefjord

Framlegg til vedtak:

Styret tek dialogen i møtet til vitande og ber administrasjonen arbeide vidare med dei innspela som kom fram i samtalen. Styret ønskjer ei oppdatert sak med konkrete tilrådingar til vedtak i neste styremøte.

Saka bør få si endelege avklaring i samband med budsjettvedtak i kommunane i haust, og styret ber difor om at det vert etablert tidsplan som tek høgde for politisk forankring undervegs.

Vedlegg:

Informasjon frå Visit Sognefjord vert ettersendt (selskapet har fått frist 30. mars.)

Saksframstilling:

Bakgrunn

Saka byggjer på bestilling frå styret knytt til vurdering og tilråding for korleis kommunane kan bidra til finansiering av Visit Sognefjord utan å operere i ei juridisk gråson. den vedtekne rapporten Samordna utviklingskraft i Sogn, som peikar på følgjande:

Visit Sognefjord er kritisk infrastruktur og samarbeidet bør vidareutviklast.

Kommunane bør dele engasjementet sitt i Visit Sognefjord mellom to komponentar for å ikkje operere i ei gråson juridisk:

- *Eit ubunde grunnstilskot for å sikre den regionale strukturen og felles tilrettelegging/opne reiselivstenester.*
- *Målretta tenestekjøp særleg knytt til vertsrolla, besøksforvaltning og turistinformasjon.*

Kommunane bør seinare vurdere å samordne eigardelane sine i Visit Sognefjord.

Administrasjonen har invitert styreleiar og dagleg leiar i Visit Sognefjord til dialog om saka.

I samband med invitasjonen har administrasjonen kommunisert at styret ikkje ønskjer ein presentasjon av Visit Sognefjord som selskap, men ein samtale om korleis selskapet, kommunane og Sogn KO saman kan utvikle destinasjonen Sogn vidare i tråd med masterplanen for reiselivet og tolegreanalyse frå hausten 2025.

Administrasjonen har utfordra Visit Sognefjord til å levere følgjande seinast 30. mars:

1. Status 2025 – tilskot og kjøp
- Tilskot frå kommunar og region
 - Tenestekjøp frå kommunar
 - Eventuelle fellesmidlar til regionale tiltak

2. Korleis midlane vart brukt ? Feks fordelt på:

- Masterplan-oppgåver
- Destinasjonsleiing og besøksforvaltning
- Marknadsføring
- Eventuelle kommuneretta oppgåver

Tema for dialogen i møtet

Administrasjon ønskjer å bruke dette som grunnlag for ein open og god dialog for å finne ein felles veg vidare – der både kommunane og Visit Sognefjord får ei løysing som fungerer og understøttar dei samla ambisjonane for regionen:

- Kva oppgåver bør kommunane ha ansvar for?
- Kva skal vere tilskotsfinansiert, og kva bør vere tenestekjøp?

Vurdering

Den føreslegne todelte finansieringsmodellen kan sikre vidareføring av det gode arbeidet til Visit Sognefjord. Den kan og gje selskapet større fleksibilitet og tydeleggjere ansvarsområde mellom aktørane. Ved å kombinere grunnbidrag med konkrete tenestekjøp, får ein både stabilitet og moglegheit til å tilpasse innsatsen etter behov og prioriteringar. Dette kan bidra til meir målretta ressursbruk og styrke samhandlinga mellom kommunar, regionen og næringslivet.

Samtidig må ein vere merksam på risikoen for fragmentering dersom ansvarsfordeling og forventningar ikkje blir tydeleg kommunisert. God dialog og klare avtalestrukturar blir avgjerande for å sikre at alle partar opplever ordninga som rettferdig og effektiv. Ei slik modell kan også stimulere til innovasjon og utvikling av nye tenester, men krev kontinuerleg evaluering for å sikre at måla faktisk blir nådd.

12. Næringsutvikling

Framlegg til vedtak:

Styret ber administrasjonen halde fram arbeidet i tråd med rapporten Samordna utviklingskraft i Sogn.

Saksframstilling:

Bakgrunn

Styret fekk i førre styremøte overlevert rapporten Samordna utviklingskraft i Sogn med ei rekke tilrådingar knytt til korleis ein kan organisere og utvikle den kommunale innsatsen inn mot næringsutvikling. Styret gjorde følgjande vedtak:

Styret tek rapporten til vitande, og følg hovudtrekka i tilrådingane.

Tilråding til fylkeskommunen om Sogn Næring som operatør av næringshageprogrammet vert oversendt næringsnettverket for uttale med frist 4. mars, og til arbeidsutvalet i Sognarådet for endeleg vedtak 9. mars.

Tilråding om organisering og samordning av den kommunale innsatsen mot næringsutvikling, vert oversendt næringsnettverket for uttale.

Styret rår Sogndal kommune til å følgje tilråding knytt til eigarskap i Sogn Næring. Sogn KO håper kommunen kan gå i dialog med dei andre kommunane og næringslivet om endring i eigarskapet, slik at selskapet oppfyller krav til å operere næringshageprogrammet seinast 31. mars 2026. Framtidig eigarskap i selskapet bør vere opent for bedrifter i Sogn med utviklingsfokus og spegle næringsstrukturen i regionen.

Tilråding knytt til tilskot og framtidig finansiering av Visit Sognefjord og samhandling med kommunane vert oversendt Næringsnettverket for uttale og til Visit Sognefjord. Styreleiar og dagleg leiar i Visit Sognefjord vert invitert til dialog med styret og leiar i Næringsnettverket i styremøtet 7. april.

Status

Etter at styret vedtok rapporten i styremøtet 23 februar har næringsnettverket levert følgjande uttale:

Næringsnettverket støttar tilrådinga frå Sogn KO om at Sogn Næring vert eit felles selskap for regionen og operatør av næringshageprogrammet.

Det er ein viktig føresetnad at det vert formelt forankra med noverande eigarar i Sogn Næring at det er vilje til å gjennomføre den skisserte endringa av eigarskap, for å gje solid regional forankring, som sagt i Sogn KO sitt vedtak.

Næringsnettverket legg til grunn at ein i samarbeidet med Sogn Næring nyttar all tilgjengeleg kompetanse i regionen, og utnyttar kvarandre sine styrkar.

Næringsnettverket vil vidare presisere at det er viktig å legge opp til gode lokale prosessar med å forankre ny organisering og avklare i kva grad kvar kommune vil nytte tenestekjøp framover.

Arbeidsutvalet i Sognarådet gjorde 9.mars følgjande vedtak:

Arbeidsutvalet godkjenner rapporten Samordna utviklingskraft i Sogn - Draumen om det perfekte samspelet mellom bedriftene, kommunane og verkemiddelaktørane og tek hovudtrekka i tilrådingane til vitande.

Arbeidsutvalet rår Sogndal kommune og Sogndal Næringsforening å redusere sine eigardelar i Sogn Næring, slik at selskapet kan riggast som eit næringssselskap med privat aksjemajoritet. Eit eigarskap med sterkare privat forankring vil sikre at selskapet kan møte krava til å operere næringshageprogrammet.

Arbeidsutvalet innstiller overfor Hovudutval for næring i Vestland fylkeskommune at Sogn Næring vert operatør av næringshageprogrammet.

Formannskapet i Sogndal kommune gjorde 19. mars følgjande vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sogndal kommunestyre vedtek at Sogndal kommune:

1. Støttar og sluttar seg til foreslått ny eigarstruktur i Sogn Næring AS, der:
 - Inntil 30 % av aksjane skal eigast av kommunane i Sogn,
 - Inntil 70 % skal eigast av næringslivet i regionen.
2. Godkjenner aksjonæravtalen slik den ligg føre, inkludert:
 - tilbakekjøp av 450 aksjar frå Sogndal kommune til pålydande verdi –
 - at kommunen står att med 50 aksjar (5 % eigardel) –
 - prinsippet om at aksjar som ikkje blir selde, skal liggje i selskapet –
 - føringa om at styret alltid skal sjå til ei 70–30-fordeling, og at den private delen ikkje skal kome under 55 %.
3. Støttar opp om prinsippet der dei offentlege 30 prosentane blir fordelte likt mellom dei seks kommunane i Sogn (Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal), som ei tydeleg markering av at selskapet er eit felles regionalt verkemiddel for heile Sogn.
4. Forventar tilsvarende brei deltaking frå næringslivet i regionen, slik at eigarskapen blir representativ og forankra i fleire bransjar og lokalmiljø.
5. Ber kommunedirektøren medverke til gjennomføring av avtalen og å kome attende med eventuelle behov for nye vedtak når ny, samla aksjonæravtale skal fastsetjast.

Vidare arbeid

Saka om nedsal av aksjar i Sogn Næring skal handsdamast i kommunestyret i Sogndal 26. mars.

Vidare skal dei styrande organa i Sogn Næring handsame saka. Administrasjonen vil før fristen 31. mars oversende Sognaregionen si tilrådinga knytt til næringshageprogrammet til Vestland Fylkeskommune.

I det vidare arbeidet vil administrasjonen fasilitere gode prosessar og løysingar gjennom næringsnettverket. I neste møte i nettverket legg administrasjonen opp til å drøfte:

- Kommunal organisering og ressursar

- Mandat, representasjon, organisering og arbeidsdeling i nettverket og evt behov for etablering av nye nettverk
- Eksterne og eventuelle interne tenestekjøp
- Strategiske fellessatsingar
- Utvikling av partnerskap og dialog med verkemiddelaktørane
- Årdal si rolle og korleis Sogn kan nytte strukturane til Årdal Utvikling

Tilrådinga og dialogen med Visit Sognefjord ligg som eigen sak i møtet.

13. Sognaregionen og EU

Framlegg til vedtak:

Styret tek saka til vitande og ber administrasjonen jobbe vidare med dei skisserte tiltaka. For å oppnå noko gjennom slike samarbeid må kommunane og regionen jobbe langsiktig. Det er difor viktig at arbeidsutvalet stadfestar satsinga i juni-møtet. Som oppfølging ønskjer styret at det vert utvikla ei felles politisk sak til kommunane i haust om:

- Medlemsskap Vest-Norges Brusselkontor
- Strategisk inngang
- Kort handlingsplan for det komande året
- Arbeidsdeling kommunar-region

Saksframstilling:

Bakgrunn

Arbeidsutvalet i Sognarådet har teke initiativ for at regionen skal bli meir aktive inn mot prosjektaktivitet og kunnskapsutvikling inn mot dei ulike støtteordningane i EU. På møtet 9. mars gjorde arbeidsutvalet følgjande vedtak:

Arbeidsutvalet ønskjer at regionen vert aktiv inn mot EU gjennom prosjektaktivitet og kunnskapsutvikling. Arbeidsutvalet ber administrasjonen starte med følgjande tiltak i 2026:

- Sak til arbeidsutvalet om kollektivt medlemsskap i Vest Norges Brusselkontor. Til saka ønskjer arbeidsutvalet og at administrasjonen:
 - identifiserer tema frå regional plan for internasjonalt samarbeid
 - identifiserer miljø i regionen med interesse og kapasitet
- Studietur til Brussel i samband med European Week of Regions and Cities 11.-14. oktober 2026.
- Stimulere dei vidaregåande skulane direkte og skulane i Sogn gjennom System for styrka læring til å ta del i EU-prosjekt.

EU-systemet tilbyr omfattande støtte til ulike prosjekt gjennom ei rekkje finansieringsprogram som skal fremje økonomisk utvikling, innovasjon og samfunnsmessig berekraft i medlemslanda. Gjennom ordningar som Horisont Europa, Erasmus+, Kreativt Europa og strukturfonda gir EU økonomisk støtte til prosjekt innan forskning, utdanning, kultur, næringsutvikling, regional utvikling og grøen omstilling. Målet er å styrkje samarbeid på tvers av landegrenser, redusere sosiale og økonomiske skilnader, og bidra til langsiktig vekst og konkurransekraft i Europa.

EØS-midlar er Noreg, Island og Liechtenstein sitt bidrag til å redusere økonomiske og sosiale skilnader i Europa og styrkje samarbeid innan demokrati, miljø, forskning og sivilsamfunn.

Norge er ikkje medlem i EU – den norske finansieringa kjem gjennom ulike kanalar. Vanlegvis kjem den som 50% finansiering, 50% er eigeninnsats, egne midlar og evt midlar frå partnarar.

Vest Norges Brusselkontor (VNBB) er ein viktig samarbeidsarena for kommunar, fylkeskommunar, forskingsmiljø og næringsliv i Vest-Norge som vil styrkje sitt internasjonale engasjement. Kontoret har som oppgåve å fremje vestnorske interesser i EU og legg til rette for at aktørar får tilgang til europeiske nettverk, informasjon om EU-program og moglegheiter for prosjektfinansiering. Gjennom VNBB får deltakarane støtte til å navigere i EU-systemet og til å finne relevante partnarar for samarbeid, noko som bidrar til større gjennomslag for regionale initiativ og innovasjon.

Medlemsskap Vest-Norges Brusselkontor

Administrasjonen er i dialog med Vest-Norges Brusselkontor om korleis eit medlemsskap for kommunane/regionen kan samordnast. Medlemskostnad i 2025 var på 1.000 per medlemskommune + 5,44 kr i per innbyggjar. Denne vert indeksjustert årleg og gjev følgjande pris for kommunane i Sogn:

	Folketal	Fast sum	Per innb.	Variabel sum	Sum
Vik	2 532	1 000	5,44	13 774	14 774
Sogndal	12 552	1 000	5,44	68 283	69 283
Aurland	1 866	1 000	5,44	10 151	11 151
Lærdal	2 223	1 000	5,44	12 093	13 093
Årdal	5 178	1 000	5,44	28 168	29 168
Luster	5 478	1 000	5,44	29 800	30 800
Sum	29 829				168 270

Relevante tema frå regional plan

Vidare har administrasjonen identifisert følgjande tema frå regional plan som det kan vere interessant å utvikle ma gjennom internasjonale prosjekt:

- Grøn omstilling og berekraft – til dømes fornybar energi, sirkulærøkonomi og klimatilpassing
- Næringsutvikling og innovasjon – spesielt innan bioøkonomi, reiseliv, (landbruk), lokalmat og småskalaproduksjon
- Kompetanse, utdanning og rekruttering – livslang læring, yrkesopplæring, inkludering av unge og tilflytting.
- Digitalisering og smarte lokalsamfunn – digitale tenester, smart mobilitet og nye løysingar for distrikta
- Folkehelse og sosial berekraft – inkludering, frivilligheit, levekår og attraktive bu- og arbeidsmiljø.

Miljø i regionen med interesse og kapasitet

Det er ikkje gjort noko kartlegging av miljø i regionen med interesse og kapasitet, men vi kjenner ein del prosjekt som per i dag er involvert i prosjektaktivitet, td:

- Gudvangen Stein (Grøn plattform)
- (Norsun) (Grøn plattform)
- Sogndal kommune/Vik kommune/Sognaregionen mfl: Green Hydra (Interreg)
- Sogndal kommune / Ostrowiec Świętokrzyski (EØS-midlar)
- Prosjekt i skulane (Erasmus)
- Prosjekt i barnehagane (Erasmus)
- Ei rekke prosjekt på Vestlandsforskning og Høgskulen
- Initiativ: Centre of vocational excellence (Sogndal vgs / Årdal vgs mfl)

Årdal Utvikling og SITEP er aktive inn mot Grøn plattform og har samarbeid inn mot dette med Norce og Sintef.

Sogn Næring jobbar med

- EØS og Interreg-finansierte prosjekt
- Privat/offentleg samarbeid om å bygge kompetansmiljø knytt til it-tryggleik og digital beredskap, med HVL og VF som forskingsparntarar, og med studietur til Brussel for desse som oppdrag.
- Europeisk samarbeid om innovasjon gjennom HVL Skape og CERN.

Studietur

European Week of Regions and Cities er ein årleg konferanse i Brussel som samlar representantar frå regionar, byar, institusjonar og organisasjonar over heile Europa. Arrangementet gir deltakarane høve til å utveksle erfaringar, lære meir om innovative prosjekt og bygge nettverk for samarbeid på tvers av landegrensene. Gjennom eit breitt program med seminar, workshops og møte får regionane presentere sine initiativ og diskutere aktuelle tema som grønn omstilling, digitalisering og regional utvikling. Dette bidreg til å styrke kunnskapsdeling og stimulere til internasjonalt samarbeid for å løyse felles utfordringar.

I 2026 går arrangementet av stabelen 12. – 14. oktober. Dette er ein av dei travlaste vekene i Brussel gjennom året, ein må difor planleggje i god tid om ein skal til byen med ei gruppe.

Administrasjonen har starta planlegginga, men er avhengige av tilbakemelding på målgruppe og målsetjing for turen. Konkrete innspel til aktivitetar og tema er og velkomne.

Praktisk legg ein opp til at Sognaregionen tek seg av hotellbooking 11. – 14. oktober, nokre felles måltid og nokre felles faglege aktivitetar. Reise bookar deltakarane sjølve, men administrasjonen kjem med eit framlegg til reiserute for dei som ønskjer det.

Skulane som prosjektmotor

System for styrka læring: handsama saka via e-post 16. og 17.mars 2026 og oppsummerer den europeiske kontakten slik:

- Lærdal kommune: Lærdalsøyri barnehage v/kommunenivå har signert ei intensjonserklæring om å vere assosiert partner i Erasmus+-prosjektet BLUESEED. Prosjektet handlar om å utvikle kunnskap og kompetanse knytt til berekraft og «blue literacies» i barnehagesektoren. Blue literacies = kunnskap og ferdigheiter som hjelper oss å forstå og ta vare på havet.
- Luster kommune: Skulane i Luster har vore med i tre større Erasmus+-prosjekt dei seinare åra. Alle prosjekta har vore treårige og del av ordninga KA2-prosjekt (Key Action 2: Cooperation among organisations and institutions). I alle prosjekta har den irske partnern – det pedagogiske senteret i Ennis, County Clare - vore koordinator og søknaden har difor gått til «EU»-kontoret i Irland. I tillegg har Luster søkt og fått innvilga to rundar med hospitering/job shadowing som KA1-prosjekt hjå DIKU som styrer Erasmus+ prosjekt i Noreg. Hafslo barne- og ungdomsskule er no med som partner i ein Erasmus+-søknad HVL har sendt inn. Her er temaet «undervisningsmetoden» STEAM.

- Vik kommune: Feios oppvekstsenter har tidlegare vore med i Erasmus+ prosjektet PECK - Pedagogical entrepreneurship for content knowledge» (læring gjennom pedagogisk entreprenørskap).
- Sogndal kommune:
 - Leikanger ungdomsskule har hatt eit omfattande europeisk samarbeid i perioden 2003-2020 med ca 11 prosjekt.
 - Sagatun skule har søkt om støtte til eit samarbeidsprosjekt mellom Ciderhuset– Balestrand Creative Connections Norway (NGO) og Erasmus+. Prosjektet, “*Learning through Experience, Emotions, Engagement: Developing Immersive Education*”, har som mål å introdusere lærarar for metoden og rettleie dei i å utvikle engasjerande og fordjupande undervisningseiningar, i tett samarbeid med profesjonelle innan scenekunst og visuell kunst.
 - Norane oppvekstsenter har nyleg søkt om Erasmus-prosjekt som handler om *nature-integrated learning* i grunnskulen. Det har som mål å bruke naturen som ein sentral pedagogisk ressurs i arbeidet med læreplan og undervisning. System for styrka læring har signert på å vere *associated partner* i prosjektet.

Vidaregåande skular

Administrasjonen har teke innspelet frå IPR inn i dialogen med dei to vidaregåande skulane.

Sogndal vgs har 4 internasjonale prosjekt dette skuleåret

- Studiespesialiserande har to ulike grupper som reiser på språktur etter påske; ei gruppe til Tyskland og ei til Spania.
- Helse- og oppvekstfag har vore i Belgia og ventar besøk tilbake frå dei no i slutten av månaden.
- Restaurant- og matfag er i Frankrike på tre vekers opphald med elevar akkurat no der elevar er utplassert i franske restaurantar.

Frå Årdal vgs deltok seks elevar frå yrkesfag. To elevar kom frå automatisering, to frå industriteknologi og to frå kjemiprosess- og laboratoriefag. Dei hadde hospitering hos bedriftene Coca-Cola, Gestamp og Mercedes i Berlin. Skulen rapporterer om gode erfaringar med Erasmus+ og at dei utviklar ny kunnskap kvart år.

Sogn Opplæringskontor som prosjektmotor

Brei erfaring med Erasmus+; har årleg utveksling av lærlingar til Tyskland, Polen og Kroatia (Barn og ungdom, helse- og industri fag). Dei har og hatt utveksling av lærlingar frå Europa (Danmark/Tyskland) til bedrifter i Årdal, samt lærar utveksling til Årdal vgs.

Vurdering

Basert på porteføljen av prosjekt og initiativ som regionen har engasjert seg i, ser ein teikn til vilje for innovasjon og internasjonalt samarbeid. Det er lagt til rette for kunnskapsdeling mellom både skular, forskingsmiljø og næringsliv, noko som styrker dei lokale kompetansmiljøa. Samstundes må ein vere merksam på at slike satsingar krev tid og ressursar, og at effekten ofte kjem gradvis. Gjennom å prioritere langsiktige mål og å byggje solide nettverk, kan ein sikre at regionen står sterkare rusta for framtidige utfordringar og moglegheiter.

Vidare må ein løpande evaluere erfaringane frå dei pågåande prosjekta og å arbeide målretta mot å forankre internasjonalt samarbeid i både politiske og administrative strukturar. Dette vil kunne bidra

til å skape meir rom for utvikling, og sikre at nye initiativ får nødvendig støtte og drahjelp. Slike vurderingar bør også inkludere ei kartlegging av kva kompetanse og ressursar som finst lokalt, slik at ein kan spele på styrkene i regionen og samtidig identifisere behov for vidare utvikling.

I sum peiker vurderinga på at regionen har gode føresetnader for å lykkast, gitt at ein held fast ved eit langsiktig perspektiv og aktivt nyttar dei nettverka og ressursane ein har tilgjenge til. Slik kan ein bygge vidare på det solide grunnlaget som allereie er lagt gjennom dei ulike prosjekta og partnerskapa.

At kommunane gjennom regionsamarbeidet set retning og peikar på internasjonalt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringane, kan vere eit godt verktøy for å utvikle regionen. Eit sterkt Europa vert sterkare gjennom at regionane samarbeider og delar kunnskap og praksis. Regional plan inneheld ei rekke mål der dei gode løysingane finst i samarbeid.

Å jobbe internasjonalt er ressurskrevjande, og det er ikkje alltid ein treff blinken. Ei satsing bør vere langsiktig og ein må vere tolmodig.

Gjennom å ta nokre små steg i 2026 med medlemskap i Vest Norges Brusselkontor, studietur for politisk og administrativ leiing i kommunane og fokus på tema for samarbeid, kan vi skaffe oss innsikt for å ta meir strategiske avgjerder i 2027.

14. Styreseminar og styremøte 1. – 2. juni

Det er planlagt kombinert styremøte og styreseminar 1.-2. juni. Møtestart er planlagt 10.00 måndag og møteslutt 14.00 tysdag. Begge dagar vert det lagt inn 1 time telefon- og epostpause.

Administrasjonen vil gjerne ha innspel på tema for både seminar og det formelle styremøtet..

Mogelege tema for samlinga:

- Prioritering
- Etablerte samarbeid og samarbeid under etablering
- Kompetanse
- Samfunnstryggleik (mogeleg at Halvard samlar gjengen sin same plass)
- PPT
- Næringsutvikling

15. Ymse